

Kommuneøkonomi

Arbeiderpartiet vil arbeide for at det skal verte større samsvar mellom forventningar til tenesteproduksjon i kommunal forvaltning og dei økonomiske rammene. Innbyggjarane sine behov møtast best når kommunane har rett kompetanse og nok ressursar i tenestene til å halde ein god dialog med innbyggjarane og dei tilsette. Eksempel: barnehagekapasitet, veiledning og oppfølging av fysisk og psykiske vanskar for born, unge og vaksne, heildagsskule eller gratis SFO.

Grunngjeving:

Helseføretak og direktorata sender nye oppgåver og forventningar, utan at det er reell samhandling og avklaring av tenesteproduksjonen sine vilkår. Meir enn å vere eit støtteapparat, er direktorata faglige klynger som operasjonaliserer forventningar sendt frå Regjeringa som skal svarast ut i rammer som vert stadig knappare. Bilde av fagarbeidaren, sjukepleiaren, læraren som skal springe raskare og raskare for å levere betre tenester meir effektivt er godt. Då ser vi at risikoen for å snuble å brette armer og bein aukar. Siste eksempel er forslaget om obligatorisk testing av norskferdigheiter for alle barn før skulestart.

Etter samhandlingsreforma er det i kommunane gjort eit godt arbeid med å vidareutdanne og rekruttere tilsette med relevant kompetanse. Ein må ha tid til å få yte dei tenester som er etterspurt og det er naudsynt å vurdere om organiseringa av støttefunksjonane svarer på behov i tenesteproduksjon i kommunane i dag. Leiarane må få leie sine tilsette ut ifrå de rammer som ligger i lov og forskrift. Bruk og organisering av støttefunksjonane treng ei lokal tilpassing og mindre sentralstyring. Forventningar må avstemmast og kommunane treng auka økonomiske ressursar som følgjer av innbyggjarane sine auka retter.